



Alle kommunane i Hordaland

Dato: 18.11.2015

Vår ref.: 2014/555-45

Saksbehandlar: lisadla

Dykkar ref.:

## Fylkestrafiksikringsutvalet (FTU) sine tilskotsordningar - søknadsfristar i 2016

Hordaland fylkeskommune har tre særskilde satsingsområde for trafiksikringsarbeidet denne planperioden (2014-2017). Eit av desse er å styrke trafiksikringsarbeidet i kommunane, og som eit ledd i dette har Fylkestrafiksikringsutvalet i Hordaland (FTU) ansvaret for tre ulike tilskotsordningar som alle er retta mot kommunane og det lokale trafiksikringsarbeidet. Det er FTU som handsamar søknadane og fattar vedtak.

Oversikt over tilskotsordningane:

Tilskotsordning	Søknadsfrist	Rett til å søkje	Søknadstype	Utbetalings
Tilskot til mindre fysiske trafiksikringstiltak i kommunane	1.januar 2016	Kommunane	Eige søknads- og rapporteringsskjema	Når tiltaket er gjennomført og rapport levert
Tilskot til utarbeiding av kommunale trafiksikringsplanar	1.april 2016	Kommunane	Søknad i brevs form	Utbetalig ved vedtak
Tilskot til lokale trafiksikringsarrangement	1.januar 2016 1.august 2016	Kommunane, skular, barnehagar, lag/foreningar/org.	Eige søknads- og rapporteringsskjema	Når tiltaket er gjennomført og rapport levert

Som oversikten viser så har kommunane rett til å søkje på alle tre ordningane. For to av ordningane er det berre ein søknadsfrist i året. Merk at det er knytt særlege kriteria til kvar av tilskotsordningane. Meir informasjon om dei ulike kriteria, samt søknads- og rapporteringsskjema finn ein på fylkeskommunen si heimeside under «Fylkestrafiksikringsutvalet (FTU)»: <http://www.hordaland.no/ftu>

Direkte link til søknads- og rapporteringsskjema for dei to tilskotsordninga som har krav om dette finn ein her: <http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/#Trafiksikring>

John Martin Jacobsen  
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik  
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.